

## Vossamoro

Vossamoro har meir enn 13 års erfaring med tilrettelegging og gjennomføring av aktivitetar for grupper frå 8 – 400 deltarar. Me tilbyr eit breitt spekter av vinter og sommar aktivitetar som passar for alle uansett alder og sko størrelse.

### *Amazing Race på Vossavis*

Ein spennande aktivitet som passar for alle. Amazing Race på Vossavis føregår i Voss sentrum og Prestegardsmoen, som er eit flott friluftsområde som ligg like ved sentrum. Gruppa vert delt inn i mindre lag, og kvart lag får utdelt kart saman med oppgåver og leietrådar som skal hjelpe laget med å finna dei ulike postane. Oppgåvene er varierte, og skal løysast praktisk eller teoretisk. Her vil deltarane verta betre kjent med vossakulturen, vossamålet og vossingane på ein sosial og morosam måte. Stikkord i denne samanhengen er samarbeid, taktikk og praktisk engasjement. Etter aktivitetten samlast gruppa for ei oppsummering av resultata og premiering av det beste laget.

Tid: ca. 2t 15 min. Oppstart seinast kl. 15.00.

Arena: start og målgang ved Fleischers Hotel

Pris pr. pers: kr. 430 (min 5000)

Bekledning: gode sko og praktiske ute klede

